



# Fedje kommune

## Møteprotokoll for Formannskapet

**Møtedato:** 07.09.2021  
**Møtestad:** Slissøyana/Skarvøyana  
**Møtetid:** 17:15 - 20:00

Møtedeltakarar	Parti
Stian Herøy	H
Bjørn Solbakk	Frp
Hans Erik Waage	Ap
Kamilla Bjerkholt Karlsen	Ap
Marit Solbakk Øien	Frp

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte:**

Annika Tvedt Villanger, Dagrun Gunnarson, Gjermund Hagesæter, Helge Stormoen, Jan Torry Sande

---

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
061/21	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
062/21	Godkjenning av møtebok
063/21	Referatsaker
064/21	Delegerte saker
065/21	Delegerte saker teknikk og miljø
066/21	Tursti. Fullføring.
067/21	Endring av vilkår for tilskot ved kjøp av tomt i bustadfeltet Torvhaugane
068/21	Søknad om tilskot til tv-aksjonen 2021
069/21	Ekstraordinær tilføring frå KLP til kundane
070/21	Kulturverntenesta i Nordhordland
071/21	Eablering av Fensfjorden PPT frå 01.01.2022
072/21	"Ein plass å vere" - lokale for ungdomsklubb
073/21	Lokale forhandlingar 2021
074/21	Om silobygget på Svena : Ny behandling
075/21	Eventuelt formannskapet 07.09.2021

## **061/21: Godkjenning av møteinnkalling og sakliste**

### **Formannskapet 07.09.2021**

#### **Behandling:**

Ordfører ønsker å ta opp att formannskapssak 013/21 til behandling. Det vart ved sist behandlinga avtalt at saka skulle opp att når koronasituasjonen hadde endra seg. Formannskapet var samde og tok saka inn på sakskartet.

#### **F - sak 061/21 Vedtak:**

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent med ei ekstrasak: Om silobygget på Svena.

Samrøystes vedteke.

---

## **062/21: Godkjenning av møtebok**

### **Formannskapet 07.09.2021**

#### **Behandling:**

#### **F - sak 062/21 Vedtak:**

Møtebok frå sist møte vert godkjent.

Samrøystes vedteke.

---

## **063/21: Referatsaker**

### **Formannskapet 07.09.2021**

#### **Behandling:**

Rådmannen orienterte munnleg om

- framleis utfordringar på økonomikontoret

- status for etablering av ny legeteneste v/helse- og omsorgssjef

Formannskapet bad ordfører svare på høyring 063/21.4 i forhold til gåsebestand.

Formannskapet bad rådmannen førebu ei sak til uttale i høyring 063/21.25

**F - sak 063/21 Vedtak:**

Referatsaker vert tekne til orientering.

Formannskapet bad ordførar svare på høyringa i 063/21.4 i forhold til gåsebestand.

Formannskapet bad rådmannen førebu ei sak til uttale i høyring 063/21.25

Samrøystes vedteke.

---

**064/21: Delegerte saker**

**Formannskapet 07.09.2021**

**Behandling:**

Delegert sak 064/21 inneheldt dokument som var feilregistrert. Desse skulle ikkje vere med i innkallinga, og vart fjerna. Då gjekk samstundes DS nr. 007/21 og 017/21 ut av sakskartet. Alle delegerte vedtak, som skal vere med, ligg på sakskartet. Det er berre sjølve saksnr. som er vekke.

**F - sak 064/21 Vedtak:**

Delegerte saker vert tekne til orientering.

Samrøystes vedteke.

---

**065/21: Delegerte saker teknikk og miljø**

**Formannskapet 07.09.2021**

**Behandling:**

**F - sak 065/21 Vedtak:**

Delegerte saker vert tekne til orientering.

Samrøystes vedteke.

---

**066/21: Tursti. Fullføring.**

**Formannskapet 07.09.2021**

**Behandling:**

Vedteke med 4 mot 1 røyster. Kamilla Karlsen (Ap) stemte mot forslaget.

**F - sak 066/21 Vedtak:**

Fullføring av turløypa frå Stormarkvegen til Træsneset vert teke inn i budsjettet for 2022.

Vedteke med 4 mot 1 røyster. Kamilla Karlsen (Ap) stemte mot forslaget.

---

**067/21: Endring av vilkår for tilskot ved kjøp av tomt i bustadfeltet Torvhaugane**

**Formannskapet 07.09.2021**

**Behandling:**

**F - sak 067/21 Vedtak:**

Vilkår for tilskot ved kjøp av tomt i bustadfeltet Torvhaugane vedteke i K-sak 060/15 får følgjande tilføyning: Punkt 5 Stønadsordninga omfattar og kjøp av tomt frå privat eigar i Torvhaugane. Det må ikkje vere gjennomført tiltak etter pbl § 20-1. på tomte. Dersom søkjaren har kjøpt tomte frå andre enn kommunen skal den opphævelege kjøpesummen då tomte vart seld frå kommunen leggjast til grunn for kva søkjaren får tilbakebetalt frå kommunen. Reglane om tilskot gjeld berre for tomter kjøpt siste gang før 31/12- 2030.

Samrøystes vedteke.

---

**068/21: Søknad om tilskot til tv-aksjonen 2021**

**Formannskapet 07.09.2021**

**Behandling:**

**F - sak 068/21 Vedtak:**

Fedje kommune støttar TV-aksjonen 2021 til Plan med kr.15 000,-.

Inndekning: Teneste 1003 Rådvelde formannskapet, Konto 14700 Overføring/tilskot til private.

Samrøystes vedteke.

---

**069/21: Ekstraordinær tilføring frå KLP til kundane**

**Formannskapet 07.09.2021**

**Behandling:**

**F - sak 069/21 Vedtak:**

Ekstraordinær tilføring frå KLP vert avskrive over sju år ved at 1/7 del av premiefondet vert brukt kvart år til å redusera premieinnbetalingane til KLP.

Samrøystes vedteke.

---

**070/21: Kulturverntenesta i Nordhordland**

**Formannskapet 07.09.2021**

**Behandling:**

**F - sak 070/21 Vedtak:**

Fedje kommune vidarefører avtalen om rådgjevande museum med Kulturvernssenteret i Hordaland no.

Samrøystes vedteke.

---

**071/21: Etablering av Fensfjorden PPT frå 01.01.2022**

**Formannskapet 07.09.2021**

**Behandling:**

**F - sak 071/21 Vedtak:**

Fedje kommune godkjenner etableringa av Fensfjorden PPT og vedlagte avtale. Ein vedtek også vertskommunesamarbeid med Austrheim som vertskommune.

Samrøystes vedteke.

---

**072/21: "Ein plass å vere" - lokale for ungdomsklubb**

**Formannskapet 07.09.2021**

Felles endringsframlegg, foreslått av Stian Herøy, Høgre  
Formannskapet ber administrasjonen ha dialog med rockeklubben og kulturskulen om det er mogleg med eit sambruk av rockeklubbens lokale. Om dette er noko ein kan verte samde om, vil formannskapet ha saka til orientering før den går til kommunestyret. Om ikkje, vil me ha saka opp i neste formannskap og påfølgjande kommunestyre.

**Behandling:**

**F - sak 072/21 Vedtak:**

Formannskapet ber administrasjonen ha dialog med rockeklubben og kulturskulen om det er mogleg med eit sambruk av rockeklubbens lokale. Om dette er noko ein kan verte samde om, vil formannskapet ha saka til orientering før den går til kommunestyret. Om ikkje, vil me ha saka opp i neste formannskap og påfølgjande kommunestyre.

Samrøystes vedteke.

---

## **073/21: Lokale forhandlingar 2021**

### **Formannskapet 07.09.2021**

#### **Behandling:**

Kamilla Karlsen er vara i styret i Utdanningsforbundet, og bad formannskapet om å vurdere hennar gildskap i saka. Kamilla Karlsen gjekk ut av møtet, og Gidske Borge stilte som vara. Formannskapet vurderte at Karlsen var gild i saka sidan ho ikkje tar del i forhandlingane, og Karlsen kom inn igjen i møtet.

Marit Øien er del av forhandlingsutvalet for Fagforbundet i dei lokale forhandlingane, og bad formannskapet om å vurdere hennar gildskap i saka. Marit Øien gjekk ut av møtet. Formannskapet vurderte at Øien var ugild i saka, og Øien forlot møtet.

Bjørn Solbakk er gift med leiar for forhandlingsutvalet til Fagforbundet i dei lokale forhandlingane, og bad formannskapet om å vurdere hans gildskap i saka. Bjørn Solbakk gjekk ut av møtet. Formannskapet vurderte at Solbakk var ugild i saka, og Solbakk forlot møtet.

Ordførar foreslo å lukke saka etter kommunelova § 11-5 3.ledd punkt b), på bakgrunn av offentleglova § 23 (det offentlege sin forhandlingsposisjon). Samrøystes vedteke. Saka vart så behandla i lukka møte.

Formannskapet stadfesta at det ikkje lenger er nødvendig at formannskapet godkjenner forhandlingane utanom pott etter ny kommunelov, om rådmannen held seg innafør den avtalte økonomiske ramma.

#### **F - sak 073/21 Vedtak:**

Formannskapet vedtek ramme for dei lokale forhandlingane 2021 i tråd med drøftingane i møtet.

Samrøystes vedteke.

---

## **074/21: Om silobygget på Svena : Ny behandling**

### **Formannskapet 07.09.2021**

Endringsframlegg, foreslått av Stian Herøy, Høgre

Fedje kommune gjer pålegg om at silobygget på gnr. 170, bnr. 11, skal vera rive innan 1. januar i 2022 dersom det ikkje vert sett i stand. Dersom silobygget ikkje er rive 1. januar 2022 eller sett i stand innan same dato, gjer Fedje kommune vedtak om tvangsmulkt på 500 kr pr. kalenderdag frå 1. januar. 2022 til silobygget er rive eller sett i stand. Lovheimel : § 31-5 (riving) og § 32-5 (tvangsmulkt).

Grunngjeving for vedtak : Silobygget slik det står i dag, er skjemmande. Det kan og vera farleg for personar pga. lause plater.



**Behandling:**

Ordførar orienterte om dialog med kommunelegen.

Rådmannen orienterte om andre saker der det har vore aktuelt å vurdere tvangsmulkt. Rådmannen vil på bakgrunn av dette vedtaket halde fram arbeidet i aktuelle saker.

**F - sak 074/21 Vedtak:**

Fedje kommune gjer pålegg om at silobygget på gnr. 170, bnr. 11, skal vera rive innan 1. januar i 2022 dersom det ikkje vert sett i stand. Dersom silobygget ikkje er rive 1. januar 2022 eller sett i stand innan same dato, gjer Fedje kommune vedtak om tvangsmulkt på 500 kr pr. kalenderdag frå 1. januar. 2022 til silobygget er rive eller sett i stand. Lovheimel : § 31-5 (riving) og § 32-5 (tvangsmulkt).

Grunngjeving for vedtak : Silobygget slik det står i dag, er skjemmande. Det kan og vera farleg for personar pga. lause plater.

Samrøystes vedteke.

---

**075/21: Eventuelt formannskapet 07.09.2021****Formannskapet 07.09.2021****Behandling:**

Bjørn Solbakk spurte om det er mogleg å få til lokale til Fedje historielag.

**F - sak 075/21 Vedtak:**

Formannskapet ber rådmannen sjå på om det er mogleg å få til eit lokale til Fedje historielag.

Samrøystes vedteke.

---